

Saksbehandlar: Eva Solhaug Fosshagen/Øystein Hunvik, Samferdsleavdelinga  
Sak nr.: 16/9315-3

## Søknad om kommersialisering av NW 162 Lillehammer-Bergen, høyring

### Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune har ingen merknader til at AS Jotunheimen og Valdresruten Bilselskap kommersialiserer Øst-Vest Xpressen frå 19.06.17 og gjev den namnet Valdresekspressen.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune ønskjer at Valdresekspressen vert omfatta av ordninga med delvis kostnadskompensasjon for fylkesinterne reiser i Sogn og Fjordane.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune oppmodar AS Jotunheimen og Valdresruten Bilselskap om å tilpasse rutetidene til det øvrige rutetilbodet i fylket.

### Vedlegg:

- Søknad frå Jotunheimen og Valdresruten Bilselskap

### Andre dokument som ikkje ligg ved:

- HS-sak 27/15 Sognebussen

## SAKSFRAMSTILLING

### **1. Bakgrunn for saka**

AS Jotunheimen og Valdresruten Bilselskap, JVB, søker i brev 17.11.16 Opplandstrafikk om å få kommersialisere Øst-Vest Xpressen mellom Lillehammer og Bergen. Dette er ei rute som i dag går dagleg frå Bergen kl. 08.45 til Lillehammer og frå Lillehammer kl. 10.30 til Bergen.

Fram til 19.06.17 vert denne ruta utført i eit samarbeid mellom JVB og Nettbuss med tilskot frå Sogn og Fjordane fylkeskommune og Opplandstrafikk. JVB vil etter 19.06.17 utføre ruta åleine og skifte namn på ruta frå Øst-Vest Xpressen til Valdresekspressen. Dersom ruta vert kommersiell skal ikkje Opplandstrafikk eller Sogn og Fjordane fylkeskommune yte tilskot til ruta.

### Historikk - tidlegare vedtak

I mai 2015 søkte Nettbuss Sør om å få kommersialisere alle ruter mellom Sogndal/Håbakken og Bergen. Hovudutval for samferdsle gjorde slikt vedtak i HS-sak 27/15:

- 1 *Alle ruter med buss mellom Sogndal og Bergen vert gjort kommersielle frå 01.07.16.*
- 2 *Endringar i rutetilbodet og takstar skal godkjennast av Sogn og Fjordane fylkeskommune.*
- 3 *Sognebussen vert omfatta av ordninga med kostnadskompensasjon Sogn og Fjordane fylkeskommune har med alle dei kommersielle bussrutene i fylket.*

## **2. Kommersialisering av fylkeskryssande ruter**

Dei fylkeskryssande bussrutene er viktige for innbyggjarane i Sogn og Fjordane, og utgjer saman med skulerutene ein av hovudstrukturane i rutenettet. Rutene har mange passasjerar som reiser til og frå fylket. I tillegg har rutene viktige funksjonar i fylket med mykje lokaltrafikk.

Dersom den omsøkte ruta ikkje vert kommersiell, har fylkeskommunen avtale med Tide om at vi skal kjøpe ruteproduksjon på strekninga Håbakken – Tyinkrysset gjennom anbodet i Sogn. Opplandstrafikk skal kjøpe ruteproduksjon på strekninga Tyinkrysset – Lillehammer. Samla sett vert det difor mogeleg å reise på strekninga Håbakken – Lillehammer som i dag, sjølv om det ikkje vert oppretta ei kommersiell rute.

Sogn og Fjordane fylkeskommune er oppteken av gode kommunikasjonar i fylket og til og frå nabofylka. Lokaltrafikk i nabofylka er utanfor kjerneaktiviteten vår. Fylkeskryssande ruter inneber ein økonomisk risiko dersom inntektsgrunnlaget skulle svikte. Ein kommersiell aktør som har ønskje om å drive fylkeskryssande ruter, vil på mange måtar kunne vere ein betre ruteeigar enn fylkeskommunen.

Ulempa med kommersielle aktørar er at dei har andre interesser enn fylkeskommunen. Det kan vere krevjande å få til eit heilskapleg rutenett, der lokalruter og langruter utfyller kvarandre.

For å stimulere til eit heilskapleg rutesystem, brukar fylkeskommunen i dag 1 mill. kr årleg for å kompensere kommersielle fylkeskryssande ruter for noko av tapet knytt til det å tilpasse seg det fylkeskommunale systemet i Sogn og Fjordane. På denne måten har vi i dag eit einsarta og heilskapleg system i fylket med felles rutekunngjeringar, korrespondansar, takst, billettsystem, rutetrasear, stoppmønster, plassgaranti m.m. Rutene mellom Sogndal og Bergen er ein del av denne kompensasjonsordninga. Det er og naturleg at denne ruta vert ein del av avtala om delvis kostnadskompensasjon.

## **3. Søknaden**

JVB søker om å køyre frå Bergen kl. 09.20 til Lillehammer og frå Lillehammer kl. 09.20/10.05 til Bergen. Avgangstidene JVB legg opp til, og avgangstida på ein av avgangane til Sognebussen vert ganske like. Reisetida på JVB sine avgangar er 15 – 20 minutt kortare enn Nettbuss sine på strekninga Håbakken – Bergen.

Sogn og Fjordane fylkeskommune kan i liten grad påverke rutetidene til kommersielle aktørar. Det er likevel slik at dei kommersielle aktørane er avhengig av tilbringarruter til sine ruter for å få ekstra passasjerar. Dette gjer at rutene vert lagt opp med korrespondanse med våre lokalruter dersom det er mogeleg.

Nettbuss AS har ikkje merknader til søknaden frå JVB.

Slik vi les høyringsnotatet frå Opplandstrafikk tilfredsstiller JVB krava i forskrifta om yrkestransport. Med bakgrunn i det skal det svært mykje til for at Opplandstrafikk ikkje tildeler ruteløyve på denne ruta til JVB.

## **4. Konklusjon**

Fylkesrådmannen ser positivt på framlegget frå Jotunheimen og Valdresruten Bilselskap om å drive ruta Lillehammer – Bergen kommersielt.

Dersom denne ruta vert kommersiell, vil ikkje fylkeskommunen ha behov for å kjøpe ruter med Tide på strekninga Håbakken – Tyinkrysset – Håbakken.

Fylkesrådmannen legg opp til at ruta til JVB kjem inn under ordninga med delvis kostnads-kompensasjon for at Valdresekspressen skal bruke fylkeskommunale takstar, stoppmønster med meir.